

# **Selskapsavtale for Sotra og Øygarden brannvesen IKS**

## Innhald

Innhald.....	2
KAPITTEL 1. ALMINNELEGE REGLAR.....	4
§ 1 Firma.....	4
§ 2 Eigarkommunar.....	4
§ 3 Rettsleg status.....	4
§ 4 Hovudkontor.....	4
§ 5 Føremål og ansvarsområde.....	4
KAPITTEL 2. EIGARANSVAR.....	5
§ 6 Eigardel og ansvar.....	5
§ 7 Innskotsplikt.....	5
§ 8 Avvik frå vedteken branndokumentasjon.....	5
§ 9 Eigarskap og drift av brannstasjonane.....	5
§ 10 Kjøp av tenester frå eigarkommunar.....	5
KAPITTEL 3. ORGANISASJON.....	6
§ 11 Representantskap.....	6
§ 12 Brannstyre.....	6
§ 13 Tingingsutval.....	6
§ 14 Tilsetjingsutval.....	6
KAPITTEL 4. REPRESENTANTSKAPET.....	7
§ 15 Representantskapet sine møter.....	7
§ 16 Representantskapet sin mynde og oppgåver.....	7
KAPITTEL 5. STYRET.....	8
§ 17 Styret sine møter.....	8
§ 18 Styret sin mynde.....	8
KAPITTEL 6. DAGLEG LEIING OG REPRESENTASJON.....	9
§ 19 Brann - og redningssjef.....	9
§ 20 Selskapet sin representasjon.....	9
KAPITTEL 7. ØKONOMIFORVALTNING.....	10
§ 21 Årsbudsjett.....	10
§ 22 Økonomiplan.....	10
§ 23 Over/underskot i rekneskapen.....	10

12.2.2016

§ 24 Fond .....	10
§ 25 Låneopptak .....	10
§ 26 Rekneskap og revisjon .....	10
KAPITTEL 8. UTTREDEN, OPPLØYSING MM. ....	11
§ 27 Uttreden og utelukking.....	11
§ 28 Oppløsning og avvikling .....	11
§ 29 Utviding .....	11
KAPITTEL 9. TVISTAR.....	11
§ 30 Tvist .....	11
KAPITTEL 10. ØVRIGE REGLAR .....	12
§ 31 Inhabilitet .....	12
§ 32 Arbeidsgjevarorganisasjon .....	12
§ 33 Enrdring av selskapsavtalen .....	12
§ 34 Tilhøvet til lov om interkommunale selskapet .....	12
§ 35 Meroffentligheit og openheit .....	12
§ 36 Vedtak og ikrafttreding.....	12

## KAPITTEL 1. ALMINNELEGE REGLAR

### § 1 Firma

Selskapet sitt namn er Sotra og Øygarden brannvesen IKS, forkorta til SØB i dette dokumentet. Jf. Lov av 21. juni 1985 nr. 79 om einerett til firma og andre forretningskjenneteikn (fimaloven).

### § 2 Eigarkommunar

Eigarkommunane er Fjell, Sund og Øygarden kommunar i Hordaland fylke.

### § 3 Rettsleg status

SØB er eige rettssubjekt.

### § 4 Hovudkontor

SØB har hovudkontor i Fjell kommune.

### § 5 Føremål og ansvarsområde

SØB sitt primære føremål er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i eigarstrategi for SØB, lov og forskrift vedkommande brann – og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, samt feiing og tilsyn. Sekundært kan SØB yta desse og liknande tenester mot vederlag til andre kommunar og verksemdar.

SØB sine plikter og arbeidsoppgåver:

- a) gjennomføra informasjons – og motivasjonstiltak i kommunane om brann og andre akutte ulukker
- b) gjennomføra brannførebyggjande tilsyn
- c) vere kommunane sin innsatsstyrke ved brann
- d) gjennomføra ulukkesførebyggjande oppgåver
- e) vere kommunane sin innsatsstyrke ved andre akutte ulukker t.d. trafikkulukker
- f) gjennomføra feiing og tilsyn med fyringsanlegg
- g) vere kommunane sin første innsatsstyrke ved akutt forureining og inngå i aksjonsleiinga
- h) gjennomføra nærare definerte oppgåver i krise – og krigssituasjonar
- i) ta del i utforminga av eigarkommunane sine planar og arbeid med krise og beredskap
- j) fastsette brandokumentasjon for eigarkommunane

Eigarkommunane kan også leggja andre arbeidsoppgåver til SØB så langt dette ikkje svekkjer gjennomføringa av oppgåvene lista i § 5.

## KAPITTEL 2. EIGARANSVAR

### § 6 Eigardel og ansvar

For SØB sine samla skyldnader heftar kvar av eigarkommunane med heile sin formue i høve til sin eigardel. Kommune sin eigardel i SØB er:

- Fjell kommune 64 %
- Sund kommune 18%
- Øygarden kommune 18 %

Investering- og driftsutgifter i samsvar med selskapet sin vedtekne økonomiplan og årsbudsjett skal fordeles mellom eigarkommunane i samsvar med kommunane sine eigardelar. Dette skjer i årlege driftstilskot.

### § 7 Innskotsplikt

Kvar av eigarkommunane tek med inn i selskapet utstyr, inventar, dataprogram, materiell, kjøretøy og liknande som kvar kommune er eigar av /disponerer på ikrafttredingstidspunktet for denne avtalen (tingsinnskot).

Det må difor skje ei verdsetting av Øygarden kommunale brannvesen og Sotra brannvesen. For verdsettinga av Sotra brannvesen må andel av verdiar fordelast på Sund og Fjell kommunar. Andelen av verdiar som kvar kommune tek med inn i selskapet skal leggst til grunn for utløysningssum ved eventuell uttrede av selskapet.

Sund og Fjell kommune tek med seg inn i selskapet drifts- og investeringsfond i Sotra Brannvern IKS basert på rekneskapen for Sotra brannvern IKS for 2016 (kapitalinnskot). Øygarden kommune skyter inn midlar til drifts- og investeringsfondet i det nye selskapet. Øygarden kommune sitt innskot er 18 % av drifts- og investeringsfondet i Sotra Brannvern IKS, basert på rekneskapen for Sotra brannvern IKS for 2016.

Utover det som kjem fram av denne avtalen har ikkje eigarkommunane plikt til å gje andre ytingar enn det som går fram av budsjettet.

### § 8 Avvik frå vedteken branndokumentasjon

Kvar eigarkommune kan ha ein betre beredskap/standard enn normalløysing i medhald til dimensjoneringsforskrifta og risikovurderinga som er fastsatt av representantskapet. Ein slik eventuell betre beredskap skal framgå av branndokumentasjonen, og eventuelle ekstrakostnader skal dekkas av den aktuelle eigarkommunen aleine. Vedtak etter denne paragrafen må gjerast av kommunestyret sjølv.

### § 9 Eigarskap og drift av brannstasjonane

SØB skal ha tenlege lokale for si verksemd med grunnlag i gjeldande branndokumentasjon for eigarkommunane. Kvar kommune har ansvar for å stille til disposisjon lokale, med mindre SØB finn det tenleg å leige lokale privat. Skriftleg avtale mellom SØB og utleigar klårgjer fordeling av ansvar og kostnadar. Herunder m.a. årleg husleige, vedlikehald o.a.

### § 10 Kjøp av tenester frå eigarkommunar

SØB kan etter avtale med ein eigarkommune kjøpe administrative tenester, som løn, rekneskap, IKT o.l. SØB sine egne utgifter som følgje av kjøp av tenester er utgifter som SØB budsjetterer sjølv og inkluderer i driftsbudsjettet og i selskapet sin økonomiplan.

## KAPITTEL 3. ORGANISASJON

### § 11 Representantskap

SØB sitt øvste organ er representantskapet. Her sit to representantar frå kvar eigarkommune med ei røystefordeling som avspeglar eigardelen til kommunen:

- Fjell kommune har 64% av røystene, kvar representant har 32 % av røystene
- Sund kommune har 18% av røystene, kvar representant har 9 % av røystene
- Øygarden kommune har 18 % av røystene, kvar representant har 9 % av røystene

Kommunestyra nemner opp sine representantar og minst like mange vararepresentantar som faste medlemmer til representantskapet. Representantane veljast for fire år. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Leiaren skal ikkje representere same kommune i to samanhengande valperiodar.

Representantskapet delegerer eigarkommunane sin mynde etter Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlige stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter. Delegering av mynde femner ikkje om viktige saker der lov eller forskrift krev vedtak i *kommunestyret sjølv*. Representantskapet delegerer nødvendig mynde til høvesvis brannstyret og brann- og redningssjefen i SØB.

For avgjersler som er fatta av brann- og redningssjefen er brannstyret klageinstans. Klage på vedtak i personalsaker, skal handsamast (a) i representantskapet dersom vedtaket er gjort i brannstyret (b) i brannstyret dersom vedtaket er gjort av brann- og redningssjefen.

### § 12 Brannstyre

Representantskapet vel seks medlemmer med varamenn til brannstyret, og blant desse leiar og nestleiar:

- Fjell kommune sine representantar i representantskapet vel 2 av medlemmene
- Sund kommune sine representantar i representantskapet vel 2 representant
- Øygarden kommune sine representantar i representantskapet vel 2 representant

Alle styremedlemmer vert valt for ein periode på to år. Styreleiar skal ikkje representere same kommune i to samanhengande valperiodar. I val av medlemmer skal det leggjast vekt på interesse for fagfeltet og breidde i kompetanse i styret, samt at eigarkommunane sine interesser i SØB skal takast i vare. Styremedlem kan vere folkevalde, men det er ikkje eit krav.

I tillegg til dei 6 styremedlemmene som vert valt etter første ledd har dei tilsette høve til å velje representant(ar) og evt. observatør til styret i samsvar med reglane i lov om interkommunale selskap. Representant(ar) for dei tilsette er fullverdig medlem i styret med det unntaket som er nemnt i § 10, ellefte ledd i lov om interkommunale selskap.

### § 13 Tingingsutval

SØB skal ha eit tingingsutval som vert leia av leiaren i brannstyret. Elles er brann- og redningssjefen medlem, og eitt medlem frå brannstyret som styret sjølv peikar ut. Tingingsutvalet sitt mandat er:

- a) å halda seg orientert om lønsutviklinga i kommunal og interkommunal sektor
- b) å gjennomføra lokale lønstingingar innanfor dei rammer brannstyret har gjeve, og leggje resultatet fram for styret til orientering.

Eit unnatak gjeld. Lønsvilkåra til brann- og redningssjefen vert fastsett av leiaren i brannstyret samt det andre styremedlemmen i utvalet. Resultatet skal leggjast fram for brannstyret til orientering.

### § 14 Tilsetjingsutval

SØB skal ha eit tilsetjingsutvalet som har mynde til å tilsetje og seie opp alt personell unnateke brann- og redningssjefen. Desse er med i utvalet: leiar for brannstyret, brann- og redningssjefen og ein

12.2.2016

tillitsvald for dei tilsette. Mindretalsanke i utvalet vert handsama i brannstyret som gjer endeleg vedtak.

## KAPITTEL 4. REPRESENTANTSKAPET

### § 15 Representantskapet sine møter

Ordinær frist for innkalling til møte i representantskapet er fire veker. Innkallinga skal vere skriftleg med saksliste og saksdokument. Det kan kallast inn med kortare frist når det er påtrengjande nødvendig.

Leiaren har plikt til å kalla inn representantskapet til møte når brannstyret, revisor, ein av deltakarane eller ein av eigarkommunane krev det for handsaming av ei særskilt sak.

Leiaren av brannstyret og brann- og redningssjefen har plikt til å vere til stades i representantskapsmøta med mindre det er openbart unødvendig eller det ligg føre gyldig forfall. Ved forfall møter nestleiaren i brannstyret og nestleiar i SØB. Medlemmene i brannstyret har høve til å vere til stades og til å uttala seg i representantskapsmøta, men representantskapet kan gjera unntak frå denne hovudregelen i einskildsaker.

Representantskapet er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene er til stades og desse representerer minst 2/3 av stemmene. Vedtak krev 2/3 fleirtal. Kwart medlem har ei røyst i samsvar med reglane i §11 i denne avtalen.

Leiaren skal syta for at det vert ført protokoll frå møtet. Protokollen skal underskrivast av møteleiaren og to av medlemmene i representantskapet, som veljast ved møtestart. Medlem i brannstyret og brann- og redningssjefen har rett til å få protokollert sitt syn på ei sak. Utskrift av protokollen for representantskapsmøte vert å senda eigarkommunane og medlemmene i representantskapet og brannstyret. Brann- og redningssjefen er sekretær for representantskapet.

### § 16 Representantskapet sin mynde og oppgåver

Representantskapet skal gjere vedtak i dei saker som selskapsavtalen og lova fastset, samt i saker som brannstyret legg frem for det.

Representantskapet sine oppgåver:

- a) val av leiar og nestleiar i representantskapet
- b) val av brannstyret sine medlemer og varamedlemer, unnateke dei tilsette sine representantar
- c) val av leiar og nestleiar i brannstyret
- d) vedta budsjett og økonomiplan innan fastsett frist
- e) vedta avsetning av midlar til drifts- og investeringsfondet
- f) vedta årsmelding og rekneskap innan 01.05 etter rekneskapsåret
- g) val av revisor
- h) fastsetting av godtgjersle for leiar og medlem i brannstyret
- i) fastsetting av godtgjersle til leiar i representantskapet
- j) fastsetting av branndokumentasjon for eigarkommunane

## KAPITTEL 5. STYRET

### § 17 Styret sine møter

Leiaren i brannstyret skal sørge for at brannstyret møtast etter behov. Både medlem i brannstyret og brann- og redningssjefen kan krevje at styret vert innkalla. Ordinær frist for innkalling er ei veke. Innkallinga skal vere skriftleg med saksliste og saksdokument. Rådmennene i eigarkommunane har høve til å vere til stades på styremøta med talerett.

Brann- og redningssjefen er styret sin sekretær og førebur og innstiller i alle saker for styret si handsaming. Brann- og redningssjefen har møteplikt og talerett i styret sine møter, dersom ikkje styret i enkeltsaker vedtek at brann- og redningssjefen ikkje skal kunne møte.

Ved fråvær av leiaren, vert møtet leia av nestleiar. Dersom ingen av desse er til stades, vert det vald møteleiar.

Brannstyret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene er til stades og desse representerer minst 2/3 av stemmene. Vedtak krev 2/3 fleirtal. Kvart medlem har ei røyst i samsvar med reglane i §11 i denne avtalen.

Leiaren skal syta for at det vert ført protokoll frå møtet. Protokollen skal skrivast under av dei i styret som var til stades i møtet. Ved usemje har eit medlem og brann- og redningssjefen høve til å få sitt syn protokollert.

### § 18 Styret sin mynde

Styret utøver all mynde som ikkje er lagt til representantskapet i medhald av selskapsavtalen eller lova. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med eigarkommunane sin eigarstrategi, mål og føremål fastsett i selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og økonomiplan samt andre vedtak og retningslinjer fastsatt av representantskapet. Det er styret sitt ansvar å sjå til og føre tilsyn med at selskapet si bokføring og formuesforvaltning er gjenstand for betryggande kontroll.

Leiaren for brannstyret er brannsjefen sin næraste overordna, og styreleiar har det daglege arbeidsgjevaransvaret overfor dagleg leiar.

Brannstyret sine oppgåver:

- å fremje forslag til budsjett innanfor fastsette fristar
- å utarbeida årsmelding og rekneskap som vert å leggja fram for representantskapet
- treffe vedtak om disponering av fondsmidlar
- å gje innstilling i saker der representantskapet er avgjerdsinstans
- å skjøtta arbeidsgjevaransvaret ved å tilsetja gjennom eige tilsetjingsutval, seie opp og vedta instruksar
- å fastsette løns – og arbeidstilhøve for alt personell
- å etablere tingingsutval
- å etablere tilsettingsutval som får mynde til å tilsetje i alle stillingar unnateke brann- og redningssjefen der styret er tilsetjingsinstans
- å etablere arbeidsmiljøutval med lik representasjon frå arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida
- å syte for at det vert utarbeida naudsynt personal- og arbeidsreglement på same nivå som eigarkommunane
- vere klageorgan for saker som avgjerast av brann- og redningssjefen i medhald av delegert mynde, unnateke i saker kor klagehandsaming ligg i eigarkommunane
- å føra tilsyn med brann- og redningssjefen i leiing av SØB
- sjå til at selskapet har naudsynte dokumenterte rutinar for formuesforvaltning, risikovurderingar, HMS/internkontroll, økonomistyring mv.
- sørge for at representantskapet til ei kvar tid har nødvendig oversikt og i tide kan førebu nødvendige disposisjonar



## KAPITTEL 6. DAGLEG LEIING OG REPRESENTASJON

### **§ 19 Brann - og redningssjef**

SØB skal ha ein dagleg leiar som har tittel og funksjon som brann- og redningssjef. Dagleg leiar vert tilsett av brannstyret i fast heiltidsstilling.

Brann- og redningssjef administrerer verksemda og skal stå for den daglege leiinga av selskapet.

Brann- og redningssjef er direkte underordna brannstyret og har ansvaret for at ei kvar arbeidsoppgåve vert utført i samsvar med gjeldande reglar og dei vedtak som er fatta av brannstyret og skal følgje dei retningsliner og pålegg som styret gir.

Brann- og redningssjef skal sørge for at selskapet si bokføring er i samsvar med lov og forskrift og at formuesforvaltninga er ordna på ein betryggande måte.

Brann- og redningssjef er vidaredelegert representantskapet sin mynde etter brann- og eksplosjonsvernloven. Delegasjonen omfattar ikkje, saker som etter selskapet sitt høve er av uvanleg art eller av stor betydning.

Brann- og redningssjef skal til ei kvar tid halde styret orientert om alle tilhøve av betydning for verksemda og om økonomi og personalforhold. Brann- og redningssjefen skal rapportere til brannstyret på ein slik måte og så ofte som situasjonen eller styret krev.

Brann- og redningssjefen har tilvisingsmynde innan ramma av det vedtekne budsjettet. Tilvising frå fond vert gjort av brannsjefen etter vedtak i brannstyret.

### **§ 20 Selskapet sin representasjon**

Brannstyret representerer selskapet utad og teiknar selskapet sitt firma.

Brannstyret kan gi styremedlem eller brann- og redningssjefen rett til å teikne selskapet sitt firma og kan bestemme at dei som har slik rett, må utøve den i fellesskap.

Brann- og redningssjefen forpliktar åleine SØB for daglege gjeremål som er omfatta av brann- og redningssjefen sin mynde etter § 19.

## KAPITTEL 7. ØKONOMIFORVALTNING

### § 21 Årsbudsjett

SØB sitt årsbudsjett vert finansiert av eigarkommunane utifrå kvar eigarkommune sin eigardel i selskapet, sjå § 6. Budsjettet skal gi eit realistisk bilete av drifta og dei sannsynlege inntektene og utgiftene for året.

Årleg driftstilskot frå eigarkommunane overførast i tre like overføringar følgjer: 1.1, 1.5 og 1.9. I tillegg kjem avsetnad til drifts- og investeringsfond.

SØB nyttar same budsjett - og rekneskapsår som eigarkommunane. Styret i SØB skal utarbeide eit forslag til standarisering av den årlige budsjettprosessen som fører fram til vedteke budsjett for SØB i representantskapet. Budsjettprosessen skal involvere eigarkommunane og styrande organ i SØB.

SØB er ansvarleg for vedlikehald, forsikring og nykjøp av utstyr /materiell. Større innkjøpsbehov, t.d. brannbilar, som ikkje kan dekkast over den årlege drifta, vert å fremja for eigarkommunane i samband med budsjettprosessen. Innkjøp som kan finansierast fullt ut ved bruk av midlar frå investeringsfondet krev ikkje vedtak i eigarkommunane med vert avgjort av styret, jfr. § 24.

### § 22 Økonomiplan

Representantskapet skal ein gong i året vedta SØB sin økonomiplan. Økonomiplanen skal leggjast til grunn for både budsjettarbeidet og anna planleggingsarbeid. Planen skal femna om dei neste fire åra og gje eit realistisk oversyn over sannsynlege inntekter og utgifter, samt prioriterte oppgåver inkludert investeringar for perioden. Eigarkommunane må særleg samhandle om investeringar som dei skal finansiera utanom det årlege driftstilskotet.

### § 23 Over/underskot i rekneskapen

Ved eventuelt overskot i rekneskapen skal heile eller delar av summen overførast til driftsfondet jf. §24. Den del som eventuelt ikkje blir sett inn på driftsfondet skal overførast til investeringsfondet.

### § 24 Fond

Selskapet skal ha eit ubunde driftsfond. Fondet skal kunne nyttast til å dekkje mindre underskot i driftsrekneskapen, til større ad hoc-utgifter og til generell styrking av driftsbudsjettet. Bruk av driftsfondet krev godkjenning av styret.

Selskapet skal og ha eit ubunde investeringsfond. Fondet skal nyttast til mindre investeringar. Bruk av investeringsfondet krev godkjenning i styret. Ved overskot i drifta kan representantskapet velje å sette delar av overskotet inn på investeringsfondet til framtidige planlagde investeringar.

Kvart år skal det setjast av minst 2,5 % av driftsbudsjettet til fond. Avsetninga på 2,5 % til fond kjem i tillegg til vedtatt driftsbudsjett. Avsetninga til fond fordelast på eigarkommunane etter eigardel i selskapet. Fordelinga av fondsmidlane på 2,5 % til drifts- og investeringsfond vert vedtatt av representantskapet i budsjettmøte for det kommande budsjettåret.

### § 25 Låneopptak

SØB kan ikkje ta opp lån utan godkjenning i eigarkommunane. Dette gjeld ikkje nødvendig kortsiktig likviditetslån på inntil kr 500 000 som er gjeve frå ein av eigarkommunane. Avgjerd om slikt likviditetslån kan takast av brannsjefen etter samråd med styreleiar. Styret skal haldast orientert.

### § 26 Rekneskap og revisjon

Kommunelova sine føringar vert lagt til grunn for rekneskapen. Representantskapet har mynde til å velje revisjon.

## KAPITTEL 8. UTTREDEN, OPPLØYSING MM.

### **§ 27 Uttreden og utelukking**

Kommunestyra i kvar eigarkommune kan med to års skriftleg varsel seie opp si deltaking i SØB og kreve seg utløyst av selskapet.

Den andelen av verdiar (heretter verdiandel) som kvar eigarkommune tek med inn i selskapet, jf .§ 7, skal leggst til grunn for kvar kommune sin utløysningssum ved eventuell uttreden av selskapet. Utløysningssummen skal fastsettast ved utløp av oppseiingstida og bereknast ut frå selskapet sin totale verdi. Utløysningssummen skal vere netto, og utbetalast straks.

Kvar av eigarkommunane kan med straksverknad melda seg ut av selskapet dersom kommunen sin rett er krenka gjennom vesentleg misleghald. I slike tilfelle skal utløysningssummen fastsettast til netto verdiandel umiddelbart før utløysningsgrunnen førelå.

Er eigarkommune sin verdiandel negativ, er dette deltakaren sitt tap som skal innbetalast.

Ei avgjersle om å tre ut av selskapet, kan av representantskapet eller kvar av dei andre eigarkommunane bringast inn for departementet innan ein månad etter at SØB har motteke melding om uttreding.

For uttreden for andre gjelder lov om interkommunale selskap § 30. Tilsvarande gjeld lova § 31 for utelukking.

### **§ 28 Oppløysing og avvikling**

Selskapet kan oppløysast om eigarkommunane er samde om dette. Vilkåret er at det ligg føre vedtak om dette i alle kommunestyra.

For gjennomføring av oppløysing og avvikling gjeld lov om interkommunale selskap §§ 32-38, herunder reglar om avviklingsstyre, avviklingsregnskap og eigarkommunane sitt ansvar etter avvikling.

Oppløysning av SØB må godkjennast av departementet, som kan gi nærare reglar om avviklinga. Dersom departementet samtykker i oppløysing, skal representantskapet oppnemne eit avviklingsstyre som skal gjennomføre avviklinga innan den frist representantskapet fastsett. Selskapet sitt styre trer ut av funksjon når avviklingsstyret er vald.

### **§ 29 Utviding**

Nye kommunar kan opptakast som medlem av SØB. Kommunestyra i eigarkommunane må gjera vedtak om utviding. Det må liggja føre full semje mellom eigarane om slik utviding.

Ved opptak av ny eigarkommune gjeld reglane om innskotsplikt i § 7 (tingsinnkot) og eigardel og ansvar skal bereknast på ny i samsvar med § 6.

## KAPITTEL 9. TVISTAR

### **§ 30 Tvist**

Usekje om tolking av denne selskapsavtalen vert avgjort ved voldgift med bindande verknad for eigarkommunane. Reglane i tvistemålslova vert lagt til grunn.

## KAPITTEL 10. ØVRIGE REGLAR

### § 31 Inhabilitet

Vanlege reglar for inhabilitet gjeld i dei styrande organa – sjå § 40 i kommunelova, nr. 3.

### § 32 Arbeidsgjevarorganisasjon

SØB vert tilslutta KS Bedrift (Kommunenes Sentralforbund sin bedriftsseksjon).

### § 33 Endring av selskapsavtalen

Det er berre kommunestyra som kan endra selskapsavtalen på følgjande punkt og det må liggja føre sémje mellom kommunane:

- a) § 1 Firma
- b) § 2 Eigarkommunar
- c) § 4 Hovudkontor
- d) § 5 Føremål og ansvarsområde
- e) § 6 Eigardel og ansvar
- f) § 7 Innskotsplikt
- g) § 8 Avvik frå vedteken branndokumentasjon
- h) § 11 Representantskap
- i) § 12 Brannstyret
- j) § 15 Representantskapet sine møter
- k) § 16 Representantskapet sin mynde og oppgåver
- l) § 24 Fond
- m) § 25 Låneopptak
- n) Anna som etter lov eller denne avtalen skal avgjerast av kommunestyra eller eigarkommunane..

Andre endringar i selskapsavtalen kan representantskapet avgjere med eit fleirtal på minst 2/3 av røystene.

### § 34 Tilhøvet til lov om interkommunale selskapet

Der ikkje anna framgår av selskapsavtalen, gjelder lov om interkommunale selskap.

### § 35 Meiroffentligheit og openheit

Offentleglova (Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd) gjeld for SØB si verksemd og dei styrande organa. Dette medfører at møteplan og saksdokument til selskapet sine styrande organ skal gjerast offentleg tilgjengeleg, t.d. via selskapet si elektroniske nettside. Det følgjer av unntaksreglar i offentliglova kva saker som skal unnatakas offentlig innsyn.

### § 36 Vedtak og ikrafttreden

Denne selskapsavtalen er vedteke av kommunestyra i eigarkommunane. Etablering av selskapet skal førebuast i 2016 og selskapet skal starte opp drifta 1.1.2017.

Stad /dato

Stad/dato

Stad/dato

---

Marianne Sandahl Bjorøy  
ordfører i Fjell kommune

---

Kari-Anne Landro  
ordfører i Sund kommune

---

Børge Haugetun  
ordfører i Øygarden kommune